



Svanøy, 29.10.2025

Høyringsuttale til Strategi for forvaltning av hjortevilt

Stiftinga Norsk Hjortesenter var med i ressursgruppa som utforma utkastet til ny Hjorteviltstrategi og vi stiller oss bak utkastet som har kome på høyring. Strategien meiner vi er heilskapleg og konkret nok til at den kan verte følgd opp.

Vi meiner at det er naudsynt at Landbruksdirektoratet og Landbruks- og matdepartementet tek eit solid eigarskap til den, og at strategien vert forankra politisk og i ulike sektor-departement slik at det vert sett av ressursar (folk og pengar) til å arbeide med dei konkrete problemstillingane.

Grunneigarar og jegerar er den utøvande delen av hjorteforvaltninga, og den viktigaste gruppa å nå. Satsar ein ikkje på å gjere han kjent for desse, er vi redde for at strategien vil hamne i ei skuff hjå sentrale myndigheiter og framgangen i viltforvaltninga verte svært avgrensa i komande tiårsperiode. Til å kommunisere strategien kan til dømes Norsk Hjortesenter bidra.

Sidan Hjorteviltstrategien vart levert frå ressursgruppa har det skjedd ein del på lovsida ved mellom anna at ny viltressurslov vart vedteken i Stortinget i juni 2025. Her er det opna for bruk av termiske hjelpemiddel til jakt og det er relevant for kapittel 4 i strategien. Stortinget har også instruert departementet til å lage ei forskrift som skal opne for bruk av termiske nattsikter til hjortejakt.

I Europeisk samanheng er altså Noreg i ferd med å legge til rette for ei jaktform av meir teknologisk og industriell karakter. Men nattjakt med militært utstyr er ei jaktform utan tradisjonar (nasjonalt og internasjonalt), og den utfordrar internasjonalt regelverk Noreg har slutta seg til (Bernkonvensjonen).

Vi meiner difor at det bør førast eit tilleggspunkt inn i kapittel 4 i strategien, som 4.5: Norske jaktlover med forskrifter bør harmoniserast med andre europeiske land sine regelverk og lover skal vere i samsvar med internasjonale konvensjonar Noreg har forplikta seg til å følge.

Norsk Hjortesenter arbeider med næringsutvikling på viltressursane på oppdrag frå Landbruksdepartementet og Vestland fylke. På bakgrunn av nyvunne erfaringar og kunnskap om dette feltet ynskjer vi også spele inn eit tilleggsmoment til kapittel 5 i strategien.

Vi meiner det bør gjerast tiltak for å få redusert den omfattande ulovlege omsetninga av viltkjøtt, slik at ein mykje større del av omsetninga av viltkjøtt vert slusa gjennom godkjente føretak som driv seriøst og forsvarleg.



Svanøy, 29.10.2025

Det bør lagast eit eige fokusområde på dette (5.5). Konkrete forslag for å få dette til er informasjonskampanjar, kontrollar, og ei tilskotsordning der jegerar som leverer vilt til godkjende viltmottak får rett på ei utbetaling. Avhengig av utforming vil dette truleg vere rekningsvarande for staten gjennom auka skatteinntekter.

Det bør også vurderast som del av strategien om det bør lagast ein tiltakspakke for viltnæringa i tråd med tilrådingane frå AgriAnalyse sin rapport: «Bedret utnytting av viltkjøtt som en ressurs for næringsutvikling i Distrikts-Norge: -En analyse med utgangspunkt i den lokale kjøttbransjen» (Lyby Wærp & Bergem Sørheim, 2024). Dette kan leggest inn i fokusområde 5.3.

På vegne av Stiftinga Norsk Hjortesenter

Jon Anders Stavang

-dagleg leiar